

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 03.11.2014

Handsaming i møtet

RS 66/14 Oppfølging av forvaltningsrevisjon av «Vedtaksoppfølging i HFK» – pkt 4

Vedtak

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen på forvaltningsrevisjon av «Vedtaksoppfølging» og seier seg ferdig med saka.

RS 67/14 Forvaltningsrevisjon «Bruk av digitale verktøy og læremiddel i vgs» – Status oppfølging

Vedtak

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen på forvaltningsrevisjon av «Bruk av digitale verktøy og læremiddel i vidaregåande skular» og seier seg ferdig med saka.

RS 68/14 Handlingsplan – Tilskotsforvaltninga på kulturfeltet

Vedtak

Kontrollutvalet ser positivt på at ein er kome godt i gang i arbeidet med mange av tiltaka som vart vedteke etter revisjonsrapport innan «Tilskotsforvaltninga på kulturfeltet». På bakgrunn av at det meste av arbeidet skal gjennomførast hausten 2014 og i løpet av 2015 ber kontrollutvalet om ny status i form av skriftleg tilbakemelding innan 31.12.2014.

Dei andre referatsakene vart tekne til orientering.